

3. ut.

## KLASSEFORELDREMØTE VÅR 20. APRIL.2015

Frammøte: ( 8 heimar var representert + kontaktlærar)

### **Sak 1 Plan for samarbeid heim skule.**

Radøy kommune har utarbeidd ny plan for heim-skule samarbeid.

Denne planen har sterkare fokus på det faglege samarbeidet enn tidlegare planar. Det må leggjast betre til rette for at alle heimar vert gjort kjende med klassen sine fagplanar og arbeidsplanar. I tillegg er det viktig at alle partar har ei felles forståing av kva krav og forventningar som vert stilt. Heim og skule har gjensidige rettar og plikter.

Eit godt samspel mellom partane krev at begge partar kommuniserer tydeleg, slik at skulen og dei føresette sine forventningar blir avklart og det ikkje oppstår mistydingar.

NB! Heile planen vil med tid og stunder kunna finnast på kommunen sine heimesider.

### **Sak 2 Førebyggjande mobbearbeid ved Hordabø skule**

Kontaktlærar gjekk gjennom dei faste tiltaka skulen nyttar seg av gjennom eit skuleår for å halda fokus oppe på mobbeproblematikken som t.d. antimobbeprogrammet Zero, Steg for Steg, Zippys venner, Zerosamling kvar månad, oppfølgjande klassemøte og felles sosialt motto kvar månad.

### **Sak 3 Lesestimulering.**

Statistikken seier at me les stadig færre ord. Sjølv om skulen har mange ulike lesestimuleringstiltak, som t.d. «guided reading» lesekvart, bibliotektime m.m., så vil heimen alltid vera ein sentral part i dette arbeidet. Det er viktig å gjera dette arbeidet til eit «stimuleringstiltak» og ikkje det motsette. For mange er lesinga ein smerteleg prosess, og velmeinte formaningar og press kan raskt få ein annan effekt enn tiltenkt. All lesing er god lesing. Bruk biblioteket på Manger, kjøp teikneseriar, lag handle/hugselister. Ver kreative!  
*NB! Det ligg mange idear og tips på nettet.*

### **Sak 4 Status i klassen.**

Fagleg: Klassen er sterk fagleg. Gode resultat på kartleggingsprøvar både i norsk og matematikk. Svært bra framgang i lesing. Stille i timane når dei arbeidar.

Sosialt: Framleis litt «klikkar» som heldt saman, men mindre no enn i haust.

Framlegg frå foreldra om å dela elevane inn i grupper. Kvar gruppe får koma heim til ein familie for aktivitet/leik. Kontaktlærar og klassekontaktar kjem med eit framlegg.

Gjennomføring til hausten.

### **Sak 5 Val av klassekontakt for skuleåret 2015-2016**

Knut Magnus Haugland (2 år)

Ann Kristin Steindal (1 år)

Knut Magnus Haugland går inn i FAU

### **Sak 6 Ymse**

Kontaktlærar orienterte om ekskursjon til VIIVite. Må reisa med privatbilar. Klassekontaktar og kontaktlærar i samarbeid set opp eit opplegg for dagen.

Hordabø skule den 5. mai 2015

Johannes Mangersnes (ref.)